

## Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 01.12.2016

Dei politiske sakene vart handsama i slik rekkefølge:

- PS 102/16 Idrettscampus Bergen
- PS 103/16 Strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Hordaland 2016 – 2019
- PS 101/16 Justering av tilbudsstrukturen , skuleåret 2017/2018
- PS 104/16 Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2017
- PS 105/16 Korreksjon av lokal forskrift felles ordens- og åtferdsreglement
- PS 106/16 Regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland - vedtak
- PS 107/16 Ymse

Orientering om Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2017 ved seksjonsleiar for natur- og ressursforvaltningsseksjonen Sølve Sondbø frå regionalavdelinga.

**Representanten Kjetil Hestad, A**, stilte slikt spørsmål i samband med PS 104/16 Klimaplan for Hordaland - Handlingsprogram 2017:

«Kva vil arbeidsprosessen for dei 16 fylkeskommunale fergjesambanda bety for det framtidige rutetilbodet?»

Hestad ber om svar før julemøtet til fylkestinget.

Orientering om Regional planstrategi 2016-2020 - Utviklingsplan for Hordaland ved seniorrådgjevar Marit Rødseth frå regionalavdelinga.

**Representanten Gadolin, A**, stilte spørsmål vedkomande utgreiinga som vart etterspurt i utvalsmøtet 03.11.2016 i samband med PS 90/16 Fagskolen i Hordaland og yrkesfagleg vidaregåande skule samlokalisert på Laksevåg i utval for opplæring og helse 03.11.2016.

Fylkesdirektør svarte at notatet er levert til fylkesrådmannen for godkjenning.

**Representanten Ljosland, KrF**, kommenterte at han var misnøgd med ordlyda som vart vedteke i fylkesutvalet sitt førre møte i saka PS 289/16 Barn som lever i fattigdom – tiltak. Fylkesutvalet bestilte ei ny sak der ein skal vurdere universelt aktivitetskort. Ljosland ønskjer at ein og ser på målretta aktivitetskort.

**Representanten Ljosland, KrF**, stilte spørsmål om utvalsleiar har vurdert ei studietur for utvalet, og merka at våren 2017 vore eit godt tidspunkt for ei slik tur.

Utvalsleiar Gadolin minte utvalet om at det er stram økonomi i fylkeskommunen, men at ein vil følgje opp saka.

**Representant Strømmen, MDG**, spurte om det var mogleg å vurdere starttid på møta grunna utfordringar med å finne kollektivtransport som passar.

Fylkesdirektør noterte førespurnaden.

**Representanten Hextall, SV**, stilte spørsmål om status til dei 80 lærlingane som ein vedtok i samband med budsjettet for 2016 at fylkeskommunen skulle ta inn.

Fylkesdirektør understreka at ambisjonane er teke på alvor. Ein koordinator tilknytt økonomi- og organisasjonsavdelinga jobbar med saken og har fått gode resultat sjølv om ein framleis ikkje har nådd målet. Så langt har ein gått frå 21 lærlingar i fylkeskommunen til 30 lærlingar.

**Fylkesdirektør Heggheim** kom med følgjande informasjon til utvalet:

- 2. desember kjem det ei rapport på fagskular der ein ser på til dømes eigarskap, finansiering og struktur.
- Fylkeskommunen har fått ei førespurnad frå KS om eit skuleeigar-program – Den gode skuleeigar. Det ligg no hos fylkesrådmannen og fylkesordførar, og ein vil kome tilbake til det i utvalet på sikt.
- Det vert ei orientering om regional plan for kompetanse på utvalsmøtet 10. januar.